




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

FORVENTNINGSBREVET 2024

nasjonale forventningar til kommunane

FORSTÅ DI TID!



Innhald

Forstå di tid!	3
Utfordringsbilde	4
Klimaendring og tap av natur	
Krig i Europa	
Fattigdom og utanforskap	
Flyktningar og integrering	
Strammare kommuneøkonomi	
Ei eldre befolkning	
Mangel på folk og kompetanse	
Kunstig intelligens (KI) — utfordring og moglegheit	
Nasjonale forventningar til kommunane ...	6
Berekraftig kommunal planlegging	6
Kommuneøkonomi	7
Barn og unge	8
Psykisk helse	
Barnehage og opplæring	
Barnehagar i ei ny tid	
Barnevern	
Gode helse- og omsorgstenester	11
Regjeringa har fem ulike satsingar	
Sosiale tenester	
Fastlegetenesta	
Ei trygg og framtidretta samfunnsutvikling og arealbruk	14
Karbonlager i naturen	
Ta vare på naturmangfald	
Jordvern og skogbruk	
Klimaomstilling	
Sirkulær økonomi	
Avløp	
Universell utforming	
Berekraftig landbruksforvaltning	17
Samfunnstryggleik og beredskap	18
Vesentleg endra tryggingpolitisk situasjon	
Følgje opp funn frå heilskapleg ROS-analyse	
Kommunale beredskapsråd	
Krisehandtering	
Samansette truslar	
Totalforsvaret	
Opplæring i plan for politikarar	20



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltar
[Else-May Norderhus](#)

Assisterande statsforvaltar
[Rigmor Brøste](#)

Kontakt;
Telefon: 71 25 84 00
sfmrpost@statsforvalteren.no

*Foto på forsida: iStockPhoto og
Øivind Leren (nedst til venstre)*

Forstå di tid!

Verdssituasjonen er utfordrande. Vi har natur- og klimakrise. Det er krig i Europa og i Midtausten. Vi får mange flyktningar til landet, økonomien vert påverka og usikkerheit rår på fleire område. Det er viktigare enn nokon gong å forstå tida vi er leiarar i. Vi må bu oss på endringar og utfordringar i smått og stort.

Samstundes har kommunane høge forventningskrav frå myndigheiter og innbyggjarar. Den demografiske situasjonen med fleire eldre og færre yngre, gjer det krevjande å innfri krava fullt ut. For å møte dei samansette utfordringane må de sjå på nye arbeidsmetodar, og på bruken av tilgjengeleg kompetanse og arbeidskraft.

Korleis ser du for deg å leie din kommune og innbyggjarane gjennom tida vi står i no? Å vere bevisst dei store rammene, kan gi gode svar på prioriteringane for framtida.

Kriseforståing og konsekvensar

Den tryggingpolitiske situasjonen har på kort tid blitt vesentleg endra. Det å bygge opp din kommunes kriseforståing og beredskap må prioriterast.

Flyktningstraumen i Europa og Norge gir nye oppgåver og press på tenestetilboda i alle kommunar. Totalt har det kome ca 4600 flyktningar frå Ukraina til Møre og Romsdal. Utfordringane er samansette med å finne husvære, helsetenester og skuletilbod. Vi er imponerte over den enorme innsatsen de gjer kvar dag, for å følgje anmodningane frå IMDI.

Økonomiske utfordringar og samarbeid

I Møre og Romsdal lyser det raudt i mange kommunar sine rekneskap og økonomiplanar. Kommunane våre har den høgste lånegjelda i landet, og er sårbare for den høge renta. Her må både posisjon og opposisjon i kommunestyret ta større ansvar. Stort bruk av disposisjonsfond og å få stor lånegjeld er ikkje oppskrifta på ein berekraftig kommuneøkonomi.

Eit betre strukturert interkommunalt samarbeid kan bidra til berekraftige velferdstenester og meir utviklingsdyktige kommunar. NIVI analyser har kartlagt interkommunalt samarbeid i fylket. Kommunane har mykje å hente i slikt samarbeid, om de jobbar strukturert og målretta. Statsforvaltaren vil støtte opp omkring arbeidet med å vidareutvikle strukturerte interkommunale samarbeid også framover.

Berre i fellesskap, gjennom samarbeid, kan vi nå måla. Vi må vere opne om utfordringar, og gjere kloke val i lag.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og god dialog i 2024.

Elsi-May Norderhus

Elsi-May Norderhus

Forventningsbrevet

Dette brevet gir ei oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk, og løfter opp forventningane til kommunane.

Forventningsbrevet er skriva til politisk og administrativ leiding i kommunen, og til politiske utval og andre aktuelle medarbeidarar.

Statsforvaltarens rolle

Statsforvaltaren skal sikre at nasjonal politikk vert gjennomført lokalt i Møre og Romsdal.

Vi får våre oppdrag frå Digital- og forvaltningsdepartementet.

Oppgåvene kan summerast slik:

- Formidle forventningar til kommunane, rettleie og bidra til å iverksette nasjonal politikk på tvers av alle fagområde
- Samordne og medverke til samarbeid og dialog mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd



Foto: Erik Birkeland/Tingh

Utfordringsbilde

Klimaendring og tap av natur

Klima- og naturkrise er vår tids største utfordring. Arbeidet for å redusere klimagassutsleppa og å tilpasse oss nytt klima må vere i kommunane sin høgste prioritet.

Vi må bevare urørt natur, og område som har evne til å binde opp klimagassar, til dømes myr. Aktiviteten vår må snu så ikkje meir natur, artar og økosystem lir, men heller vert restaurert.

Krig i Europa

Kriseforståinga vår må vere oppdatert. Sjølv om Norge ikkje er i krig, må kommunane arbeide i rammene av at tryggleikssituasjonen vår er endra. Vi må ha auka merksemd på at uønskete hendingar kan ramme mellom anna kritisk infrastruktur. Kommunane må planlegge for at dei skal greie å oppretthalde verksemda når uønskete hendingar skjer.

Kommunane må også vere budd på å bidra i totalforsvaret med gjensidig støtte og samarbeid mellom den sivile beredskapen og det militære forsvaret.

Fattigdom og utanforskap

Fattigdomen i landet stig. Auka levekostnader i samfunnet fører til at fleire er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Barnefamiljar er ofte hardast ramma. Vi er blant dei dårlegaste landa i Europa til å løfte barn og familjar ut av fattigdom, slår Unicef fast i ein ny rapport.

Mange ungdommar droppar ut av skule og arbeidsliv. Slikt kostar både menneske og samfunnet dyrt. Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med å sikre barnets beste og hindre utanforskap, jf. barnekonvensjonen.


Flyktingar og integrering

Kommunane har store utgifter knytt til busetting og integrering av flyktingar frå Ukraina. Det følgjer statlege midlar med sjølve busettinga. Samstundes må kommunane bidra med stor innsats og ressursar for å gje eit godt tilbod til dei som kjem. Integreringa legg ytterlegare press på fleire av kommunane sine tenester.

Strammare kommuneøkonomi

Kommunane i Møre og Romsdal har høgst lånegjeld i landet. Disposisjonsfonda er mindre og netto driftsresultat lågare enn landssnittet. Dette gjer kommunane meir sårbare for hendingar som auka lånerente og prisvekst. Dei har mindre handlingsrom.

Fleire av kommunane i fylket har utfordringar med kommuneøkonomien. Vi ser at det er behov for ei stram økonomistyring i kommunane i året som kjem.



Øvste foto: Øivind Leren
Dei to neste fotoa: Scanstockphoto
Nedste foto: iStockphoto

Ei eldre befolkning

Det blir stadig fleire eldre i befolkninga, og vi har færre barnefødsjar. Situasjonen legg press på både eldreomsorga og skulestrukturen. Det generelle kostnadsbildet er aukande, særleg innafor pleie- og omsorgssektoren. Kommunane må halde fram i arbeidet med å flytte kommunale midlar frå oppvekstsektoren over til helse og omsorg.

I nokre kommunar er forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen, aldersberegna, svært låg. I desse kommunane bør dreininga for å møte dei demografiske endringane ha kome langt.

Mangel på folk og kompetanse

Mange kommunar slit med å rekruttere og få tak i rett kompetanse. Dette gjeld på alle område, og særleg innan plan og helse. Utfordringane i rekrutteringa må kommunane møte med heilskapleg, langsiktig og strategisk planlegging. Kommunen må også vere open for å ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. Innan fleire fagfelt føregår det kompetanseløft, som vi forventar at kommunane følger.

Heiltidsstillingar skal vere utgangspunktet for kommunane. Vi ser ingen, eller svak auke i gjennomsnittleg stillingsstørrelse i kommunane våre. Kommunane er pliktige til å rapportere på stillingsstorleik til årsrapporten. Dette vert ikkje alltid gjort. Stillingsprosent og tilgang til egne vikarar er av betydning for kommunane.

Kunstig intelligens (KI) - utfordring og moglegheit

KI gir samfunnet nye utfordringar og etiske dilemma. I 2024 kjem ein ny [nasjonal strategi for kunstig intelligens](#). Regjeringa vil at KI skal bli utvikla innanfor ansvarlege og trygge rammer. Innbyggjarane skal vere trygge på at det er menneske, ikkje maskinar, som tek avgjerdene og styrer utviklinga.

Samstundes er digitalisering og kunstig intelligens (KI) ein nøkkel til å handtere samfunnsutfordringane framover, og for å styrke velferda. KI gjev ny innsikt og bidreg til forbetringar innan mellom anna medisin, transport, klima og til betre tenester.



Berekraftig kommunal planlegging

Kommunane skal

- vedta kommunal planstrategi innan eitt år etter konstituering
- ha FNs berekraftsmål som utgangspunkt for all kommunal planlegging
- gjere seg godt kjent med nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

To tredjedelar av berekraftsmåla må løysast i lokalsamfunna. Kommunane er derfor navet i berekraftsarbeidet. Dei står nærast innbyggjarane, bedriftene og organisasjonane.

Å lage gode planer er kommunane sitt fremste verktøy for å møte samfunnsutfordringane og sikre ei heilskapleg og berekraftig utvikling. I dette brevet finn du eksempel på korleis dei mange temaa kan bli tatt i vare i planarbeidet.

Interkommunale samarbeid

Komplekse utfordringar, mange oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevjande for kommunane å prioritere planlegging. Strukturerte interkommunale samarbeid om planoppgåver er ei løysing som Statsforvaltaren vil støtte opp om.

Kommuneplanen

Alle kommunar skal utarbeide ein samla kommuneplan med ein samfunns- og arealdel, og ein handlingsdel som seier noko om korleis planen skal følgjast opp dei neste fire åra.

Samfunnsdelen er kommunens viktigaste strategiske plan. Den synleggjer satsingsområda, gir styringsgrunnlag og retning for samfunnsutviklinga. Den kan innehalde arealstrategiar som gir viktige føringar for kommuneplanens arealdel.

Det er viktig med god kopling og koordinering mellom samfunnsdelen og kommunens økonomiarbeid. For å få til dette kan økonomiplanen inngå i, eller utgjere, planens handlingsdel.

Planlegging for politikarar

Saman med fylkeskommunen og Distriktssenteret har Statsforvaltaren laga opplæringspakka "Planlegging for politikarar".

Her er mange korte filmar på 4-7 minutt som gir deg nyttig kunnskap om grunnleggjande tema i planlegginga. Bruk gjerne filmene i grupper eller aleine!



FNs berekraftsmål

Måla er verdas felles arbeidsplan for å sikre ei god framtid for alle, både menneske, dyr og natur. Norge har forplikta seg til å jobbe aktivt for å nå berekraftsmåla innan 2030.

Berekraftsmåla legg føringar for både nasjonal politikk og samfunnsutviklinga i Norge.

Nasjonale forventningar

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) skal bli følgd opp i arbeidet med planstrategiar og kommunale planar.



Planoppgåver for nye kommunestyrrer

Det nye kommunestyret har i sitt første år fleire planoppgåver:

- vedta planstrategi
- vurdere om det er behov for å revidere kommuneplanens samfunnsdel
- arbeidet med å få på plass eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bør vere fullført eller godt i gang

Kommuneøkonomi

Kommunane står overfor stadig tøffare prioriteringar framover. Vi forventar at kommunane tilpassar verksemda slik at dei kjem i økonomisk balanse

- 16 kommunar har over 100 prosent i netto lånegjeld, i prosent av brutto driftsinntekter. Lånegjelda har aldri vore høgare, og er for Møre og Romsdal i snitt 113,1 prosent.
- Tolv kommunar har eit netto driftsresultat under det tilrådde nivået på 1,75 prosent av brutto driftsinntekter
- I 2022 hadde 17 kommunar eit disposisjonsfond som var mindre enn 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Det er store variasjonar mellom kommunane i fylket. Sett under eitt har kommunane høgare lånegjeld, mindre på disposisjonsfond og lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet for landet. Dette gjer kommunane svært sårbare for til dømes rentehevingar og uføresette hendingar.

Finansielle måltal

Statsforvaltaren forventar at kommunane nyttar måltala og har gode prosessar i behandlinga og revideringa av finansielle måltal

Kommunestyret har plikt til å vedta finansielle måltal. Måltala skal brukast som eit verktøy for den kort- og langsiktige styringa av kommunens økonomi. Alle kommunane har vedteke finansielle måltal, men vi ser at dei blir brukt i ulik grad. Bruk av måltala kan sikre eigarskap og forståing av plikta kommunestyret har i forvaltninga av kommuneøkonomien over tid. Årsbudsjett og økonomiplan bør vise til vedtekte måltal. Rekneskapen skal også rapportere på desse.

Kommune-stat-rapportering — KOSTRA

Statsforvaltaren forventar at kommunane kvalitetssikrar at opplysningane er riktig rapportert

KOSTRA er ein statistikkdatabase som viser tal for kommunar og fylkeskommunar si verksemd. Det er viktig at KOSTRA-rapporteringa blir utført korrekt, slik at data er pålitelege og samanliknbare. Nokre av KOSTRA-opplysningane blir også brukt som kriteriedata for å rekne ut rammetilskotet til kommunane.



Berekraftig økonomi i planarbeidet

For at planarbeidet skal vere realistisk må det vere grunnlag for tiltaka i økonomien. Berre ni av 26 kommunar i fylket har kopla handlingsplanen og økonomiplanen saman. Langsiktige og førebyggjande tiltak må de ta høgde for i økonomiplanen.

ROBEK

Talet på ROBEK-kommunar er lågt på landsbasis, med tolv kommunar. To av desse er i Møre og Romsdal. Vi ser dessverre at fleire kommunar har stram kommuneøkonomi. Vi ventar at fleire vil kome på ROBEK i dei neste åra.

Ny kommunelov krev at det blir tatt tidlegare grep. Dersom ein kommune har eit meirforbruk på over tre prosent av brutto driftsinntekter, så blir han meldt inn på ROBEK. Det skal framleis budsjetterast med balanse. Meirforbruk skal dekkast inn. Statsforvaltaren vil ta kontakt med dei kommunane som er i faresona for ROBEK etter at årsrekneskapen er lagt fram.

Skjønnsmidlar

Formålet med skjønnsmidlane er å fange opp forhold som ikkje blir godt nok ivaretatt i inntektsystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsmidlane skal også gå til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane, såkalla prosjekt-skjønns.

Det vil bli sendt ut brev til kommunane om søknadskriteria for prosjektskjønn/Fylkesløft og ordinære skjønnsmidlar tidleg i mars. Søknadsfrist for skjønnsmidlar 2024 er 1. juni.

Barn og unge

Kommunen skal gi eit godt og samordna tenestetilbod til alle barn og unge. Dei skal bli sett, høyrte og møtt. Arbeidet krev gode planar og vedtak som famnar behov og barns beste både på kort og lang sikt, og som førebygger utanforskap.

Psykisk helse

For barn og unge med psykiske plager og lidingar er det viktig at hjelpa er lett tilgjengeleg, av god kvalitet og tilpassa barn og unge sine behov.

Vi forventar at kommunen

- styrker det helsefremmande og førebyggjande arbeidet til barn, unge og deira familiar, inkludert tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta
- satsar på lågterskel psykisk helsehjelp, og rask hjelp utan krav om tilvising
- gir alle barn og unge som blir tilvist til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale

Statlege verksemdar og kommunane i Møre og Romsdal har ei felles satsing om nullvisjon for utanforskap.

Barn og unge og deira familiar skal oppleve god tilgjenge til hjelp når dei treng det. For å lukkast med dette krevst god koordinering, samordning og samarbeid på tvers av tenester og sektorar i kommunen og spesialisthelsetenesta.

Barnehage og opplæring

Kommune og fylkeskommune skal sørge for at barnehage- og skulemiljøet til ei kvar tid er trygt, godt og inkluderande

Det skal vere ei særleg merksemd på barn og unge som har rett på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Opplæringa skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Eit trygt, godt og inkluderande miljø er sosial berekraft i praksis, og viktig for å førebygge radikaliserings.



Kompetansetiltak

Vi forventar at kommunen og fylkeskommunen vidareutviklar og gjennomfører kompetansetiltak i skule og barnehage i partnerskap med universitets- og høgskulesektoren

Kompetansetiltaka i barnehage og skule skal ta utgangspunkt i lokale vurderingar av behov og målsettingane i dei ulike kompetanseordningane. Tiltaka må sjåast på tvers av sektorar. PP-tenesta og andre relevante støttetenester må vere inkluderte.

Når det nye systemet for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule er klart, har kommune og fylkeskommune ei viktig rolle i å bidra til at ordninga blir implementert.

Eksamen, obligatoriske prøver og undersøkingar

Skoleeigar må ha eit system for å sikre at eksamen, obligatoriske prøver og undersøkingar vert gjennomført

Læreplanverk (LK20/LK20S) og ny opplæringslov

Kommunen og fylkeskommunen skal oppfylle krava i opplæringslova og forskriftene til lova

Ny opplæringslov trer i kraft 1. august 2024. Fram til då, gjeld opplæringslova av 1998 med forskrifter.

Kommunane og fylkeskommunen har som skoleeigarar ansvar for at skular og lærebedrifter forstår og følger [Læreplanverket \(LK20/LK20S\) for Kunnskapsløftet](#).

Plan for skolefritidsordninga

Kommunen skal tilpasse seg og bruke rammeplan for skolefritidsordninga (SFO)

Planen skal bidra til ein SFO som er god og har likeverdig kvalitet for alle barn.

Barnehagar i ei ny tid

Kommunane skal

- *sette den nye nasjonale barnehagestrategien «Barnehagen for ei ny tid» ut i praksis*
- *retteleie barnehagane, sjå til at barnehagane følger lova, gjere risikovurderingar og gjennomføre tilsyn for å avdekke lovbrøt*



Barn og unge i planarbeidet

Barn og unge skal bli sett, høyrte og møtt - også i planarbeidet. Det er viktig å invitere dei inn. Høyr kva dei vil seie om helse, tilbod til aktivitetar, utanforskap, skule og oppvekst.

Korleis barn og unge har det i lokalsamfunnet er grunnleggjande for deira utvikling og for korleis dei vert knytt til samfunnet.

Vaksenopplæring

Kommunane og fylkeskommunen skal gjere seg kjent med og utarbeide planar for å innføre modulstrukturerte læreplanar for forberedande opplæring for vaksne – FOV, og vidaregåande opplæring for vaksne – VOV, etter ny opplæringslov frå 1. august 2024.

Den vaksne har rett på realkompetansevurdering.

Aktuelle dokument

[«Med videre betydning» - Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole](#) (NOU 2022: 13)

Ny barnehagestrategi: [Barnehagen for ei ny tid](#)

Strategien skal bidra til at alle barn får tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

I rolla som barnehagemyndigheit må kommunen ha kompetanse til å ivareta ansvaret og oppgåvene i barnehagelova, og likebehandle private og kommunale barnehagar.

Barnevern

[Barnevernsreforma](#) gir kommunane eit større ansvar for barnevernet enn tidlegare. Barnet sin medverknad og barnet sitt beste skal ivaretakast i alt arbeid.

Vi forventar at kommunen

- styrker arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- utarbeider og vedtek førebyggjande plan mot omsorgssvikt og åtferdsproblem
- arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking
- deltar i tiltak for å styrke styring og leiing

Det er den øvste leiinga i kommunen som har ansvaret for at kommunen oppfyller sine lov-pålagte oppgåver. Kvart år skal ein tilstandsrapport bli lagt fram for kommunestyra. Kommune-styret skal vedta plan for kommunen sitt arbeid for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem.

Kompetanse

Vi forventar at kommunen utviklar tenestene sine i samsvar med måla i kompetansesatsinga til regjeringa

Regjeringa har ei [pågåande kompetansesatsing](#) for perioden 2018-2024. Kommunane må legge til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye [barnevernslova](#).

Fosterheim

Kommunen skal forsøke å rekruttere fosterheimar ibarnet sin familie og nære nettverk

Det heilskaplege ansvaret for rettleiing og oppfølging av fosterheimane ligg no hos kommunane.



Førebyggjande arbeid i planarbeidet

Barnevernlova § 15-1 stiller krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid.

Planen vil forplikte kommunen til systematisk innsats for å gi heilskaplege tenester til barn og unge.

Den førebyggjande planen skal innehalde ein omtale av overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet:

- korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane
- korleis oppgåveløysinga skal organiserast
- korleis dei ulike etatane skal samarbeide.

Planen skal kunne inngå i dei ordinære prosessane etter plan- og bygningslova.



Foto: ScanStockPhoto

Gode helse- og omsorgstenester

Kommunane har ansvaret for å gi individuelt vurderte helse-, sosial- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar.

Regjeringa har fem ulike satsingar

Satsingane skal dreie innsatsen i helse- og omsorgstenesta mot auka førebygging og tidleg innsats. Vi vil gjere greie for forventningane til kommunen i dei ulike satsingane.

Folkehelsemeldinga - nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar

[Meld. St. 15 \(2022 – 2023\)](#)

Vi forventar at kommunane arbeider førebyggjande, og sikrar at alle innbyggjarar har gode føresetnader for eit godt liv med god helse

God folkehelse er fundamentet i helse- og omsorgspolitikken. God helse vert oftast skapt utanfor helsetenestene, og bygd gjennom heile livsløpet. Gode levevaner vert tidleg etablert. Barn og unge er derfor ei viktig gruppe.

Betre helse gir kapasitetsgevinst i helsetenesta. Folkehelsepolitikken skal bidra til å redusere sårbarheita og auke motstandskrafta i samfunnet. God helse og trivsel gir styrke i seg sjølv, og ei effektiv organisering av arbeidet med å verne og fremje folkehelsa på tvers av sektorar bidrar til betre evna vår til å handtere kriser.

Opptrappingsplan for psykisk helse

[Meld. St. 23 \(2022 – 2023\)](#)

Vi forventar at kommunane

- *prioriterer tverrfagleg førebyggjande innsats og tilgjengelege lågterskeltilbod*
- *arbeider førebyggjande for at psykiske helseplager ikkje utviklar seg til å bli psykiske lidingar*
- *sørger for at brukarar og pårørande får medverke, slik dei har rett til etter lova*
- *sin innsats er i tråd med føringane i opptrappingsplana*

At tenestene samarbeider på tvers, er ei av dei viktigaste kriteriane for gode tenester til barn og unge. Kommunane må nytte Helsedirektoratet sin rettleiar [Tverrsektoriell veileder psykisk helse barn og unge](#). Denne kom etter at det i 2022 vart gjort endringar i 14 lover for å styrke retten til samhandling for barn og unge som slit med psykiske helseutfordringar.



Innsatsområde

Meldinga har seks innsatsområde, som vi forventar at kommunen følger opp og tar inn i sine planar:

- dei samfunnsskapte vilkåra for god helse
- levevanar og førebygging av ikkje-smittsame sjukdommar
- psykisk helse og livskvalitet
- vern mot helsetruslar og rett til eit sunt miljø
- kommunikasjon og innbyggjardialog
- førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenesta



Innsatsområde

Meldinga har tre innsatsområde, som vi forventar at kommunen følger opp og tar inn i sine planar:

- helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid
- gode og tilgjengelege tenester der folk bur
- tilbodet til personar med langvarige og samansette behov.

Rettleiaren tydeleggjer forventningane til kommunen

- om å samarbeide og samhandle på tvers av tenester, nivå og sektorar
- å inkludere arbeidet med rusproblematikk, vald og overgrep i arbeidet.

I 2024 kjem nye nasjonale faglege råd for brukar- og pårørandemedverknad innan feltet rus og psykisk helse.

Fellesskap og meistring - Bu trygt heime

[Meld. St. 24 \(2022 – 2023\)](#)

Vi forventar at kommunane

- *legg til rette for at eldre som kan og vil, skal kunne bu lengre heime*
- *jobbar tverrfagleg*

Betre planlegging, styrka førebygging og meir målretta tenester skal bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett.

Helse- og omsorgstenestene kan ikkje åleine løyse dei framtidige utfordringane. Bu trygt heime-reforma er derfor bygd opp rundt innsatsområda levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og planlegging, kompetente og myndiggjorde medarbeidarar og tryggleik for brukarar og støtte til pårørande.



Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Vi forventar at kommunane

- *prioriterer tiltak som gir samhandling på tvers av tenestnivåa (primær- og spesialisthelseteneste)*
- *tar i bruk teknologi og digitaliserer for å skape berekraftige helse- og omsorgstenester*

Ifølge regjeringa er meldinga sjølv masterplanen for alle helse- og omsorgstenester, og vil erstatte Norsk helse- og sykehusplan 2020 – 2023.

Meldinga skal dekke både kommunal helse- og omsorgsteneste og spesialisthelseteneste, med heilheitlege og samhengande tenester som overordna mål.

Å samhandle for å skape gode pasientforløp og likeverdige tenester i heile landet er eit sentralt tema. Kvalitetsforbetring og pasienttryggleik er også viktige tema i planen.

Overordna rammer

Nasjonal helse- og samhandlingsplan vil saman med ny folkehelsemelding og melding om helseberedskap utgjere dei overordna rammene for helse- og omsorgspolitikken.

Førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet

Meldinga er utsett til somaren 2024.

Formålet med reforma er mellom anna å redusere negative konsekvensar for individ og samfunn, og særleg å førebygge rusmiddelbruk blant barn og unge. Kommunane vil i større grad nytte oppsøkkande metodikk for å komme tidleg i kontakt med særleg risikoutsett ungdom.



Foto: iStockPhoto

Sosiale tenester

Det er økonomisk krevjande tider for mange, og barnefamiljar er særleg utsett.

Vi forventar at kommunen

- gir opplysning, råd og rettleiing etter sosialtenestelova gjennom NAV-kontora:
 - førebygger gjeldsproblem
 - ser til at barn sine materielle og sosiale behov blir ivaretatt (t.d. fritidsaktivitetar)
- i større grad tar i bruk kvalifiseringsprogrammet

Gjennom kvalifiseringsprogrammet kan NAV hjelpe dei som står langt frå arbeidsmarknaden for å komme i arbeid eller aktivitet. Samfunnet treng arbeidskraft, og kommunane kan sikre at dei som har rett på ei slik ordning, får tilbod om det.

Fastlegetenesta

Vi forventar at kommunane

- jobbar aktivt med å ta imot LIS1
- vurderer å opprette ALIS-avtalar, slik at alle legar som startar spesialisering i allmenntmedisin kan få tilbod om dette

Ei robust fastlegeteneste bidreg til gode og berekraftige helse-tenester.

Regjeringa aukar i 2024 talet på LIS1-stillingar. Auken i det pasienttilpassa basistilskotet til fastlegane skal fortsetje ut 2024.

Legar i kommunale helse- og omsorgstenester har ut 2024 unntak frå kravet om å vere spesialist i allmenntmedisin eller ha påbegynt spesialiseringa.



Folkehelse i planarbeidet

Å legge gode rammer for at innbyggjarane både har tilbod og tenester som bygger opp om god helse er avgjerande i lokalsamfunna. For å få til dette må kommunen jobbe tverrfagleg, og tenke helse i alt planarbeid.

Eit aldersvennleg samfunn

Å planlegge for eit aldersvennleg samfunn er avgjerande i møte med demografiutfordringane. Ei slik planlegging kjem alle innbyggjarane til gode. Bygningar og fysiske omgivingar skal vere utforma slik at dei er tilgjengelege for alle. Aldersvennlege samfunn har også god samordning av bustadsutvikling og tilgang på tenestetilbod.

Kultur, aktivitet og friluftsliv

Levande lokalsamfunn med rik tilgang på natur, kultur og friluftsliv gir god helse. Kommunen kan legge til rette for aktivitet, kultur- og naturopplevingar i sine planar. Det gir både helse og trivsel.

Folkehelseoversikt

Kommunane skal utarbeide ei folkehelseoversikt, sjå folkehelseelova § 5. Oversikta og ei drøfting av kommunens folkehelseutfordringar bør vere ein del av kommunen sitt arbeid med planstrategi.



Ei trygg og framtidssretta samfunnsutvikling og arealbruk

Karbonlager i naturen

Vi forventar at kommunane ikkje bygger ut areal med store karbonlager som skog og myr

Ubygde areal kan innehalde store lager av karbon. Å bygge ut slike areal vil redusere potensielt framtidig opptak av klimagassen CO₂ og kan føre til store klimagassutslepp. Det gjeld særleg i skog med høg produksjonsevne eller i djup myr, men kan også gjelde beite og dyrka mark.

Ta vare på naturmangfald

Vi forventar at kommunane

- *sett seg mål for å redusere nedbygging*
- *lagar kommunedelplan for naturmangfald*
- *planlegg areala som grensar til verneområda godt*

Naturmangfald går tapt som følge av mellom anna inngrep og bruksendringar i areal, forureining og klimaendringar.

God og langsiktig arealforvaltning er nødvendig for å kunne ta vare på naturmangfaldet.

Verneområda tek vare på sårbare og trua naturtypar, biologisk mangfald, stads- og regiontypiske naturområde og område med internasjonale og nasjonale verneverdiar. Vern av naturområde sikrar naturmangfald på lang sikt. God planlegging av areal som grensar til verneområda bidreg også til å støtte og sikre verneverdiane.

Jordvern og skogbruk

Vi forventar at kommunane

- *fører ein streng jordvernpolitikk*
- *kontrollerer at skogeigarane plantar ny skog seinast tre år etter hogst*

Dyrka jord er nøkkelen til lokal matproduksjon, nasjonal sjølvforsyning og matsikkerheit. Dyrka jord representerer også viktige landskapsverdiar. Den nasjonale jordvernstrategien seier at ikkje meir enn 2000 dekar jord kan bli omdisponert per år, innan 2030.

Møre og Romsdal har betydeleg skogproduksjon. Denne gir arbeidsplassar og verdiar til skogeigar. Veksande skog tek også opp store mengder av klimagassen CO₂.



Naturen i planarbeidet

Kommunane har gode verktøy for å sikre ein effektiv arealbruk. Ved å fortette og transformere utbygde område, kan vi redusere klimagassutsleppa frå nybygging og redusere naturtapet. Vi bør unngå ny fritidsbusetnad i skog, på myr og over skoggrensa.

Oppdatert kunnskap om naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga.

Ein kommunedelplan for naturmangfald kan bidra til å identifisere viktig natur, økologiske samanhengar og avdekke behovet for ytterlegare kunnskap. Det er viktig å unngå ny, omfattande fritidsutbygging i viktige natur- og friluftsområde.

Sjå også: [Kommunedelplaner for naturmangfald - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)



Dyrka mark i planarbeidet

Om de i kommunen utnyttar dei areala som allereie er bygd på godt, reduserer de behovet for å omdisponere dyrka jord.

Klimaomstilling

Vi forventar at kommunane

- *prioriterer arbeidet med klimatilpassing og å redusere klimagassutsleppa*
- *deltek i nettverk for samarbeid for klima, inkludert klimatilpassing*
- *innfører klimabudsjett eller anna styringsverktøy for å få gjennomført konkrete klimatiltak*



Det er seks år igjen til vi skal ha redusert utsleppa av klimagassar med 55 prosent.

Klimaomstilling skal vere integrert i alt arbeid i kommunen. Å etablere klimabudsjett, ha klimakonsekvensar som fast punkt i saksframlegg og å ha tverrfaglege klimaomstillingsmøter kan vere nokre måtar å arbeide med klimaomstilling på.

Sjå: [Hjelpemiddel til klimaarbeid i kommunane | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#).

Sirkulær økonomi

Vi forventar at kommunane

- *legg vekt på omstilling til sirkulær økonomi gjennom sine innkjøp*
- *samarbeider med dei interkommunale avfallsselskapa om å innføre gjeldande krav til å sortere avfall og førebur seg på å innføre nye krav som kjem*

Kommunesektoren er ei viktig drivkraft i omstillinga til ein sirkulær økonomi og har stor påverknadskraft. Gjennom innovative innkjøp og god dialog med næringane kan kommunane bygge opp marknad for reparasjon, redesign og gjenbruk.

Frå 1. januar 2024 skal klima og miljø vektast minimum 30 prosent i offentlege innkjøp. DFØ har utarbeida ein rettleiar om dei nye reglane. Den ligg på www.anskaffelser.no.

Frå 2023 vart det innført krav om at mat-, plast, park- og hageavfall frå alle hushald skal sorterast. Sortert avfall skal materialgjenvinnast eller gå til ombruk. Kommunen har ansvaret for at krava blir oppfylt, ikkje hushalda.

Miljødirektoratet har i 2023 tilrådd at det i tillegg blir innført krav om at alle kommunar må leggja til rette for at vi skal sortere papp-, papir-, glas-, metall- og tekstilavfall. Dei nye krava er foreslått å gjelde frå 1. juni 2024, med unntak av krav til tekstilar, som vil gjelde frå 2025.

[Rettleiar - Utsortering og materialgjenvinning av avfall](#)



Foto: ScanStockPhoto

Klima i planarbeidet

Klimaomstilling, både utsleppsreduksjonar og tilpassing til eit klima i endring, skal vere systematisk integrert i alle overordna planar.

[Klimaprofil Møre og Romsdal](#) skal vere utgangspunktet for arbeidet.



Skjerpa krav i TEK

Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK) er skjerpa for klima, miljø og energi.

Les meir om endringane her: [Fleire tiltak for å auke ombruk og redusere klimautslepp frå byggenæringa - regjeringen.no](#)

Vi forventar at kommunane i byggeprosjekt sikrar at alle krav til rapportering av avfallshandtering er lagt ved søknad om ferdigattest i byggesaker

- *rapport om planlagt og faktisk handtering av avfall*
- *kartlegging av farleg avfall og miljosanneringsrapport*
- *ombruksrapport*

Vi forventar at kommunane i egne byggeprosjekt vel produkt som er eigna for ombruk og materialgjenvinning.

Avløp

Vi forventar at kommunane førebur seg på nye krav til reinsing av kommunalt avløpsvatn som følger av revidert EU-direktiv for avløp

Evaluering av EUs avløpsdirektiv har vist at det er behov for betre reinsing av kommunalt avløpsvatn. Revidert direktiv vil føre til at alle kommunane i fylket vil måtte gjere betydelege investeringar på dei fleste av reinseanlegga sine innan 2027 for å oppfylle nye krav.

Forslaget til revidert direktiv var på høyring våren 2023 og skal no behandlast i Europaparlamentet og i Rådet.

[Revisjon av avløpsdirektivet - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Universell utforming

Vi forventar at kommunane sikrar universell utforming i planlegging og i byggesaksbehandlingen.

Prinsippet om universell utforming inneber at vi utformar og legg våre fysiske omgivnader til rette på ein slik måte at hovudløysinga kan brukast av flest mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Dersom bygningar og andre tiltak følger denne standarden, er det ei god løysing for heile samfunnet.

Plan- og bygningslova slår fast at kommunen skal sikre universell utforming både i planleggingsarbeid og i kvart enkelt byggetiltak. Ved å legge til rette for eit universelt uforma samfunn, sikrar kommunen også at utdanning, arbeid, helse og omsorg, kultur og fritid vert tilgjengeleg for alle, i tråd med berekraftsmåla.

Omsynet til universell utforming må også vektleggast i dispensasjonssaker. I lova står det mellom anna at dispensasjonens verknader for helse, miljø, sikkerheit og tilgjengelegheit skal ha særleg vekt.



Forbettringspotensial

Dei fire berekraftsmåla som Norge ligg dårlegast an for å nå er:

- 2 Utrydde svolt
- 12 Ansvarleg forbruk og produksjon
- 13 Stoppe klimaendringane
- 15 Livet på land



Foto: iStockPhoto



Helse og areal i planarbeidet

Vi er avhengige av alt naturen gir oss for å leve godt. Gjennom god og inkluderande planlegging kan natur og rekreasjon bli tilgjengeleg for alle. Folkehelse, natur og kultur er tett samankopla. Samanhengen bør vere tydeleg i kommunes planar.

Planlegg eit samfunn som inkluderer alle: FNs konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

Kommunane spelar ei viktig rolle for korleis våre pliktar etter CRPD-konvensjonen blir fylgt opp.

Norge har forplikta seg til å følge FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne. Konvensjonen skal sikre at personar med funksjonsnedsetting får oppfylt sine menneskerettar, og ikkje blir diskriminert på grunn av nedsett funksjonsevne.

Gjennom planlegging kan vi sikre trygge og inkluderande samfunn for alle. Kommunen må ta omsyn til CRPD i alle sine planar. Det er viktig at heile kommuneorganisasjonen er kjent med kva CRPD er. Statsforvaltaren vil rettleie kommunane om CRPD-konvensjonen og korleis den kan tas i bruk.



Berekraftig landbruksforvaltning



Kommunane har eit viktig forvaltaransvar for fleire tilskotsordningar, særlover og arealbruk som har stor tyding for landbruket både i dag og i framtida.

Kommunane skal

- *ha ei operativ og robust landbruksforvaltning*
- *prioritere effektiv og god tilskotsforvaltning gjennom å:*
 - *formidle kunnskap om tilskota og behandle søknader*
 - *ha rutinar som sikrar at rett utbetalingsbeløp når ut til dei som skal ha tilskot*

Kravet om ein eigen kontrollplan i kvar kommune er skjerpa. Gode kontrollrutinar skal sikre at brot på regelverket vert avdekt og fylgt opp, slik at samfunnet og landbruksnæringa har tillit til tilskotsforvaltninga.

Vi vil oppfordre kommunane til å vurdere samarbeid eller interkommunale løysningar for å få ei meir robust landbruksforvaltning.



Foto: Øivind Leren

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane er fundamentet i den nasjonale beredskapen, og har eit omfattande ansvar for å førebyggje og handtere kriser.

Vesentleg endra tryggingpolitisk situasjon

Norge har eit alvorleg og uvisst utfordringsbilette. Den tryggingpolitiske situasjonen er på få år vesentleg endra.

Vi rår kommunane til å

- styrke samarbeidet med andre lokale aktørar i totalforsvaret
- oppdatere heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse, og kommunale beredskapsplanar

Krig i Europa, stormaktrivalisering og klimautfordringar, saman med teknologiutvikling og demografiske utfordringar, påverkar norsk tryggleik og beredskap.

Kommunen skal halde tilfluktsromma sine i forsvarleg stand. Kommunen må oppdatere seg i 2024 og følge forskriftene i [Sivilbeskyttelseslova](#). Sivilforsvaret rettleiar om tilfluktsrom og fører tilsyn.

Følge opp funn frå heilskapleg ROS-analyse

Kommunane skal ha ein plan for å følge opp arbeidet med samfunnstryggleik. Utgangspunktet for planen må vere heilskapleg ROS-analyse. Planen bør innehalde langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak

[Klimaprofil Møre og Romsdal](#) kan gi nyttig kunnskap i arbeidet. Profilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaet i fylket, venta klimaendringar og klimautfordringar.

Kommunale beredskapsråd

Kommunane har ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på lokalt nivå

Kommunane skal vere pådrivar og samarbeidspartnar ovanfor andre aktørar som er viktige for samfunnstryggleiken lokalt. Kommunale beredskapsråd kan vere eit forum for gjensidig informasjonsutveksling, drøfting og samordning av beredskapsarbeidet i kommunen. Alle kommunane bør ha eit kommunalt beredskapsråd, og rådet bør nyttast aktivt.

Som eit minimum bør rådet møtast éin gong i året. Lokale beredskapsaktørar frå politi, forsvar, helse, sivilforsvar, kraftforsyning, samferdselsaktørar, frivillige organisasjonar og større




Foto: Statsforvalteren i Møre og Romsdal



Tryggleik og beredskap i planarbeidet

Kommunane skal integrere aktuelle tiltak innanfor samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

Det er særleg viktig å integrere desse tiltaka i kommunen sitt overordna planverk.

Klimatilpassing er ein del av beredskapsarbeidet. I Møre og Romsdal vil det vere særleg behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jord-, flaum- og sørpeskred, samt havnivåstiging og stormflo.

verksemdar kan vere naturleg å invitere inn. Totalberedskapskommisjonen tilrår å forskriftsfeste krav om kommunale beredskapsråd.

Krisehandtering

Kommunane må vere budd på å handtere hendingar som spenner frå det heilt lokale med avgrensa omfang til større kriser med nasjonalt omfang

Kommunane må planlegge for å handtere langvarige kriser og moglege samtidige hendingar. Kommunane bør vurdere om det er føremålstenleg å etablere samarbeid og gjensidige avtaler for å støtte kvarande i kriser. Dei siste åra har kommunane stått overfor kriser som har utfordra kapasiteten lokalt. Til dømes pandemi og flyktningkrise. I tillegg må kommunane bu seg på å handtere fleire og meir ekstreme naturhendingar i tida framover.

Samansette truslar

Kommunane skal rapportere til Statsforvaltaren om dei mistenker hendingar som kan vere samansette truslar

Samansette truslar er situasjonar der ein aktør bruker eit spekter av verkemiddel for å påverke oss. Verkemidlane kan nyttast kvar for seg eller setjast saman og koordinerast slik at dei understøtter eller forsterkar kvarandre. Målet kan vere å uroe samfunnet for å gjere det meir sårbart.

Totalforsvaret

Kommunane må kjenne eiga rolle, ansvar, mynde og samfunnsoppdrag i totalforsvaret. Vi ventar at kommunane har oppdaterte beredskapsplanar som inkluderer helseberedskap og sivil-militært samvirke

Forsvaret og det sivile samfunnet er avhengig av kvarandre, noko som gjer det sivilmilitære samarbeidet stadig viktigare. Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunn knytt til kriser; frå kriser i fred til tryggingpolitisk krise og væpna konflikt.



Foto: ScanStockPhoto



Opplæring i plan for politikarar

DIGITALT

**Korte
filmer på
4-7 minutt!**

UTVALDE FAGMODULAR

- Fagmodular med digitalt opplæringsmateriell
- Ein kombinasjon av korte filmar og innspelte innlegg
- Kommunane vel når og korleis dei vil gjennomføre opplæringa

PLAN

- Fem gode grunnar for planlegging
- Korleis lukkast med planlegging
- Planstrategi
- Politikarane sitt handlingsrom etter plan- og bygningslova
- Utfordringsbilete
- Realistisk planlegging
- Plansystemet
- Barn og unge i planlegging
- Medverknad
- Arealstrategiar

BEREKRAFT

- Korleis få berekraft inn i planlegginga

Sosial berekraft:

- Folkehelse
- Bustadsosialt arbeid
- Aldersvennlege samfunn
- Ungt utanforskap
- Universell utforming
- By og tettstadutvikling

Miljømessig berekraft:

- Klimaomstilling
- Klimabudsjett
- Natur
- Naturmangfoldloven
- Strandsone
- Jordvern
- Kulturmiljø
- Trafikktryggleik
- Vassforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap

KOMMUNEØKONOMI

- Innføring i kommuneøkonomi
- Kommuneøkonomi og planarbeid

FORVALTNINGSRETT

- Habilitet
- Lovlege vedtak

Sjå filmane her:



[www.statsforvalteren.no/
planleggingforpolitikarar](http://www.statsforvalteren.no/planleggingforpolitikarar)